



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.,
0030 Oslo

✓

MILJØVERNDEPARTEMENTET	
SAK NR	DATE
2002/458.252	25/7/02
Skannet	
t.e 29/8.02 TUG	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200201603-9/65/GBOL

Dykkar ref.:

Bergen, 23. juli 2002

Høring av NOU 2002:1 Fortid former framtid - utfordringar i ein ny kulturminnepolitikk

Vi viser til brevet Dykkar med vedlagt *NOU 2002:1 Fortid former framtid – Utfordringar i en ny kulturminnepolitikk*. Utgreiinga har vore lagt fram til politisk handsaming, og fylkesutvalet har i møte den 26.06.02 gjort slikt samrøystes vedtak:

1. Fylkesutvalet sluttar seg i hovudsak til dei synspunkt som kjem fram i NOU 2002:1.
2. Det er ønskeleg med meir regionalt sjølvstyre i høve til både fredings- og dispensasjonspraksis, med tanke på ein meir offensiv kystkulturpolitikk.
3. Det er ønskeleg å få delegert dispensasjonsmynde i høve til fornminne til det regionale nivået.
4. Oppgåver til kommunane innafor kulturminnevernet må sjåast i samanheng med plan og bygningslova.
5. Lov om kulturminner må oppretthaldast som særlov.
6. Det bør ikkje opnast for dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. freding av bygningar og kulturmiljø som ikkje er automatisk freda grunna alder, gjennom vedtatt arealplan.
7. Fylkesutvalet vil sterkt understreka trongen for auka ressursar i kulturminnevernet – både når det gjeld tilskotsmidlar og kapasitet i forvaltninga – særleg på det regionale nivået.
8. Staten bør finansiere større del av utgifter til registreringar i samsvar med krav i kulturminnelova.

Særutskrift frå møteboka ligg vedlagt.

Venleg helsing

Gerd Bolstad
fung. fylkeskultursjef

Vedlegg



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200201603
Arkivnr. 65
Sakshandsamar Bolstad, Gerd

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Komite for miljø og samferdsel	25.06.02	75/02
Fylkesutvalet	26.06.02	213/02

NOU 2002:1 FORTID FORMAR FRAMTID - UTFORDRINGAR I EIN NY KULTURMINNEPOLITIKK? - HØYRING

Komite for miljø og samferdsel 25.06.02

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 1 røyst (Frp)

Protokollmerknad frå Ottar Tangen (Frp)

Tek framlagte forslag frå fylkesadministrasjonen til orientering.

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet sluttar seg i hovudsak til dei synspunkt som kjem fram i NOU 2002:1.
2. Det er ønskjeleg med meir regionalt sjølvstyre i høve til både frednings- og dispensasjonspraksis, med tanke på ein meir offensiv kystkulturpolitikk.
3. Det er ønskjeleg å få delegert dispensasjonsmynde i høve til fornminne til det regionale nivået.
4. Oppgåver til kommunane innafor kulturminnevernet må sjåast i samanheng med plan og bygningslova
5. Lov om kulturminner må oppretthaldast som særlov
6. Det bør ikkje opnast for dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. freding av bygningar og kulturmiljø som ikkje er automatisk freda grunna alder, gjennom vedtatt arealplan.

7. Fylkesutvalet vil sterkt understreke trongen for auka ressursar i kulturminnevernet – både når det gjeld tilskotsmidlar og kapasitet i forvaltninga – særleg på det regionale nivået.
8. Staten bør finansiere større del av utgifter til registreringar i samsvar med krav i kulturminnelova

Fylkesutvalet 26.06.02

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet sluttar seg i hovudsak til dei synspunkt som kjem fram i NOU 2002:1.
2. Det er ønskjeleg med meir regionalt sjølvstyre i høve til både frednings- og dispensasjonspraksis, med tanke på ein meir offensiv kystkulturpolitikk.
3. Det er ønskjeleg å få delegert dispensasjonsmynde i høve til fornminne til det regionale nivået.
4. Oppgåver til kommunane innafor kulturminnevernet må sjåast i samanheng med plan og bygningslova
5. Lov om kulturminner må oppretthaldast som særlov
6. Det bør ikkje opnast for dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. freding av bygningar og kulturmiljø som ikkje er automatisk freda grunna alder, gjennom vedtatt arealplan.
7. Fylkesutvalet vil sterkt understreke trongen for auka ressursar i kulturminnevernet – både når det gjeld tilskotsmidlar og kapasitet i forvaltninga – særleg på det regionale nivået.
8. Staten bør finansiere større del av utgifter til registreringar i samsvar med krav i kulturminnelova

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

RETT UTSKRIFT:

Kristen Hjeltnes
DATO: 28. juni 2002



Arkivsak 200201603
Arkivnr. 65
Saksh. Bolstad, Gerd / Lavik, Per Jahn

Saksgang	Møtedato
Komite for miljø og samferdsel	25.06.02
Fylkesutvalet	26.06.02

NOU 2002:1 FORTID FORMAR FRAMTID - UTFORDRINGAR I EIN NY KULTURMINNEPOLITIKK - HØYRING

SAMANDRAG

NOU 2002:1 "*Fortid former framtid*" legg premissar for ein ny kulturminnepolitikk. På bakgrunn av handsaminga i Stortinget av St.melding nr. 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – dugnad for framtida" la stortingsfleirtalet la til grunn at dagens kulturminnepolitikk ikkje var tilstrekkeleg for å sikra den felles kulturarven vår for komande generasjonar og at det var trong for ei grundig vurdering av mål, strategiar og verkemiddel.

Eit utval på 17 personar har utforma utgreiinga, og i mandatet har det vore lagt vekt på "*perspektivet på kulturminner som ressurs for samfunnet – vern og forvaltning av fredete og bevaringsverdige kulturminner – eieres rolle og situasjon – kommunenes og organisasjonenes rolle i kulturminnearbeid – nettverksbygging – staten som eier – organiseringen av kulturminneforvaltningen på fylkesnivå, her under også samisk kulturminneforvaltning – internasjonalt kulturminnesamarbeid, med spesiell vekt på utviklingssamarbeid*". Utvalet set opp som sin visjon "*Kulturminner og kulturmiljøer – kilder til opplevelse, utvikling og verdiskaping*".

Utgreiinga er delt opp i to hovuddelar. Del I handlar om Verdigrunnlag og hovudliner i ein ny kulturminnepolitikk, del II inneheld forslag til tiltak og er delt opp i 14 kapittel.

Utvalsfleirtalet framhever m.a. behovet for ein vesentleg auke i ressursane, særleg til det regionale kulturminnevernet og betre stønadsordningar og skatte- og avgiftsreglar for eigarar av freda bygningar. Behovet for meir og betre samarbeid på alle plan, nasjonalt og internasjonalt, vert understreka. I spørsmålet om kommunesatsinga stiller utvalsfleirtalet seg positivt, men utan å konkretisera, medan mindretalet tek avstand frå tanken i sin dissens.

Eg ser positivt på at det er lagt eit grunnlag for ein ny kulturminnepolitikk med siktemål å heva saksfeltet på den politiske dagsorden, men hadde gjerne sett at utgreiinga var meir offensiv og konkret.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet sluttar seg i hovudsak til dei synspunkt som kjem fram i NOU 2002:1.
2. Det er ønskjeleg med meir regionalt sjølvstyre i høve til både frednings- og dispensasjonspraksis, med tanke på ein meir offensiv kystkulturpolitikk.
3. Det er ønskjeleg å få delegert dispensasjonsmynde i høve til fornminne til det regionale nivået.
4. Oppgåver til kommunane innafor kulturminnevernet må sjåast i samanheng med plan og bygningslova
5. Lov om kulturminner må oppretthaldast som særlov
6. Det bør ikkje opnast for dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. freding av bygningar og kulturmiljø som ikkje er automatisk freda grunna alder, gjennom vedtatt arealplan.
7. Fylkesutvalet vil sterkt understreka trongen for auka ressursar i kulturminnevernet – både når det gjeld tilskotsmidlar og kapasitet i forvaltninga – særleg på det regionale nivået.
8. Staten bør finansiere større del av utgifter til registreringar i samsvar med krav i kulturminnelova .

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: NOU 2002:1 Fortid formar framtid (innhaldsfortekning og samandrag)

FYLKESRÅDMANNEN, 11. juni 2002:

Frå Miljøverndepartementet har fylkeskommunen motteke NOU 2002:1, "*Fortid former framtid*" til høyring . Høyringsfristen er sett til 28. juni 2002

NOU 2002:1 er eit grundig og spanande dokument, som vil vera til stor inspirasjon for mange. Det er nytta svært gode illustrasjonar som utfyller teksten. Redigeringa med bruk av "boksar" for utdjuping av tema gjer innhaldet godt tilgjengeleg. Eg har slik merknad til utgreiinga:

1.1 "Kap. 1"

I dette kapitlet er det trekt opp fleire hovudstrategiar:

DEL 1 – "Verdigrunnlag og hovudlinjer i en ny kulturminnepolitikk"

Kap. 2.: "Kulturminner og kulturmiljøer – hvilke verdier representerer de?"

Dette kapitlet er allsidig belyst frå mange ulike innfallsvinkler, og det meste som står her kan fylkesrådmannen slutta seg til.

Særleg for bygningsvernet har utviklinga av verdigrunnlaget det siste hundreåret fylgt ein pendelsving, frå overvegande vekt på estetikk ("...bygningar som hev slikt kunstverde at det vert til stort tap for kulturskattane våre dersom dei forfell eller kjem til inkjes", heiter det t.d. i Lov um bygningsfreding frå 1920.) til ei overvegande pedagogisk/sosial vinkling. Det bør no vera tid for at pendelen kjem til ro og at vi finn att balansen. Det er difor godt å sjå at det, særleg under pkt. 2.2, vert lagt vekt på den store estetiske verdien kulturminne og kulturmiljø kan ha som element ved det fysiske miljøet, og at det vert lagt vekt på "et bredt kunnskaps- og forvaltningsperspektiv som tar hensyn til både det allmenne og det spesielle, og som sikrer et bredt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer."

Det skuldast truleg meir ei klosset formulering enn medviten verdirelativisme når det i slutten av same avsnittet vert sett opp som ein føresetnad at kulturminna "blir bedre tilpasset vår egen tid" og "at verdiene de representerer blir tilpasset det folk forbinder med et moderne liv".

Kap. 3: "Visjon, mål og strategier for en ny kulturminnepolitikk"

Med utgangspunkt i visjonen set utvalsfleirtalet opp desse måla for kulturminnepolitikken:

- "- Kulturminner og kulturmiljøer viser et historisk, kulturelt og materielt mangfold.*
- Samvirket mellom mennesker og kulturminner skaper verdier, kunnskap og opplevelser.*
- Sammenhengen mellom natur og kulturminner stimulerer til bærekraftig ressursforvaltning.*
- Det er likeverd i samspillet mellom offentlige og private aktører.*
- De økonomiske rammene står i forhold til oppgavene."*

3.4 skisserer ein del felt der det er særleg trong for ei fornying av kulturminnepolitikken:

*Ny kulturminnelov
Bedre samarbeid
Å tydeliggjøre hvorfor noe skal tas vare på
En bedre dispensasjonspolitikk
En mer differensiert fredningspolitikk
Vurdere kulturmiljøfredninger som virkemiddel
Utvikle registre over kulturminner, Landskapet og dets kulturminner og kulturmiljøer,
Arkeologiske kulturminner og det lange tidsperspektivet
Oppfølging av Malta-konvensjonen og etterreformatorisk arkeologi
Bedre vern av samiske kulturminner
De nasjonale minoritetene og den flerkulturelle utfordringa
Bedre vern og formidling av kystens kulturhistorie
Kulturminner og kulturmiljøer som del av by- og stedsutvikling
Bedre vern og formidling av kulturminner fra den nære fortid
Norges bidrag til verdensarven og Vern og ressursforvaltning av bygningsarven.*

Ein kan utan vidare slutta seg til desse strategiane, men stiller spørsmål om trongen for ny kulturminnelov. Den siste revisjonen av kulturminnelova i 2000 førte med seg klåre forbetringar for å fanga opp problem i anvending av lovverket. Det kan synast meir føremålstenleg å evaluera eksisterande lov og om naudsynt justera denne.

DEL II FORSLAG TIL TILTAK

Kap. 4: "Kulturminner og kulturmiljøer som fellesskapsverdier i et lokalsamfunn"

Utvalsfleirtalet tilrår m.a.:

"Den offentlige kulturminneforvaltningen må legge opp til prosesser som i større grad enn i dag gjør det meningsfylt for lokale aktører å delta når beslutning om kulturminner og kulturmiljøer skal fattes". Dette er nok godt meint, men for generelt forma. Kvardagen for forvaltninga er full av avgjerder som må takast. Og dei skal helst takast raskt, ikkje minst av omsyn til huseigarar og andre lokale aktørar. Ein må ikkje leggja opp til ei tolking av omgrepet "medforvaltning" som vert urealistisk ressurskrevjande.

"Det må satses på å lage planer for hvordan et lokalsamfunns kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes i framtiden". Kommuneplanane burde i større grad kunne nyttast i denne samanhengen. *"Storbynettverket for de fem største byene, videreføres".* Den demografiske utviklinga fører til eit sterkt press på arealressursane i desse byane, som og rommar mange kulturminne og kulturmiljø av nasjonal verdi. Her har vore fleire gode samlingar, der felles problem har vore drøfta og belyste ved lokale døme/synfaringar. Denne verksemda bør absolutt halda fram, uavhengig av omfanget av kommunesatsinga.

Kap.5: "Eiere og rettighetshavere"

Dette er eit viktig kapittel, fordi alle kulturminne har ein eigar, offentlig eller privat. Eigarane si haldning og grad av motivering vil i det lange løp vera heilt avgjerande for lagnaden til kulturminnet. Freding som ikkje endrar bruksføremålet gjev ikkje rett til erstatning. Det er difor viktig at andre former for kompensasjon vert innarbeidde i lov og regelverk. I dag heiter det t.d. i *Lov om kulturminner* (kml) § 15 a: "Blir det satt vilkår for dispensasjonen som fordyrer arbeidet, skal eier eller bruker få helt eller delvis vederlag for denne utgiftsøkningen". Med dagens løyvningsnivå har det ofte vore uråd å gje fullt vederlag. Dette er openbertt urimeleg. Utvalsfleirtalet vil retta på dette ved å lovfasta at Staten skal dekkja alle meirkostnader. Dette må klart få konsekvensar for løyvningsnivået. Ein annan, meir indirekte måte å gje støtte på, er ved ymse former for skattelette. Til no har det vore råd å føra vedlikehaldsutgifter for freda einestader til frådrag. Dette er vel og bra, men det kjennest nok vel så tyngjande og urimeleg å måtta halda freda driftsbygningar som er gått ut av bruk ved like for eigen kostnad. Utvalsfleirtalet går i kap.9 inn for aktiv bruk av skatte- og avgiftssystemet i denne samanhengen og gjer framlegg om fritak for moms og eigedomsskatt.

Det vert og lagt vekt på betre oppfølging og service overfor eigarane. Dette er heilt sikkert rett, men krev auka ressursar til forvaltninga. Når det t.d. i 5.1. heiter at *"likeledes føler mange eiere at den offentlige kulturminneforvaltningen i for liten grad involverer dem og gir dem reell medinflytelse i prosesser etter kulturminneloven. Den anstrengte bemanningssituasjonen innenfor den regionale kulturminneforvaltningen kan være en av årsakene til dette."* så må det seiest å vera eit "understatement".

Når det gjeld utgifter til utgraving og registrering av automatisk freda kulturminne, m.a. automatisk freda bygrunn frå mellomalderen, er det fastsett i kulturminnelova (§ 10) at tiltakshavar skal bera desse, dersom det ikkje ligg føre "særlige grunner". "Ved mindre private tiltak skal staten etter departementets bestemmelse dekke utgiftene, helt eller delvis, dersom disse blir urimelig tyngende for tiltakshaveren." Utvalet foreslår å innføra liknande reglar som i Sverige, der staten dekkjer utgiftene til registreringar i utbyggingsområde som er mindre enn 10 dekar, til forundersøking av kulturminne der det ikkje er gjeve dispensasjon, til utgraving av kulturminne som kjem fram etter at ei utbygging er sett i gang, og til utgraving av "kulturminne" som viser seg likevel ikkje å vera kulturminne. Grunngevinga er at dette *"vil i første rekke komme små private utbyggere til gode"*, medan *"større*

*utbygginger som har store næringsinteresser eller samfunnsinteresser” framleis bør bera utgiftene sjølve. Når utvalet i tillegg vil leggja inn ei formidlingsplikt i lova og også leggja utgiftene til dette på tiltakshavar, spør det om ikkje dette begeret er meir enn overfylt. I byar der den automatisk freda bygrunnen frå mellomalderen framleis dekkjer store delar av dagens sentrum, som Bergen og Trondheim, har dette ofte vore årsak til problem og konflikthar. I visse høve har det og ført til utilsikta miljøkonsekvensar, p.g.a. at brann- og rivingstomter i verneområde er blitt liggjande brakk eller som parkeringsplassar, ettersom mistilhøvet mellom grunnkostnader og tilleten utnyttingsgrad er vorte for stort. Det er likevel viktig med ein lovheimel for **formidling** i samband med registrering og utgraving av automatisk freda kulturminne. Kulturseksjonen i Avd. for regional utvikling har hatt fleire registreringar med spennande resultat som dei har klart å formidla og ser verdien av å kunne arbeida meir målretta med formidling på denne måten*

Det må utarbeidast føresegnar for eigarar av automatisk freda kulturminne, og det må utarbeidast meir forpliktande føresegnar for å følgja opp eigar etter at et kulturminne eller eit kulturmiljø er freda eller registrert. Det same gjeld for kulturminne som er innlemma i spesialområde med føremål vern etter plan-og bygningslova. Kven fylgjer opp etter at slike område er tekne vare på, og på kva måte ?

5.6 ”Staten som eier og forvalter av kulturminner og kulturmiljøer”

I den store statlege eigedomsmassen inngår mange kulturminne, både av sentral nasjonal betydning og av meir ordinære kategoriar. Det må vera ei sjølvsgad sak at staten, som legg plikter på andre eigarar, sjølv er eit godt føredøme her. Det same gjeld kommunar og fylkeskommunar. Dette har ikkje alltid vore tilfelle. Bygningsfredingslova av 1920 gav ikkje høve til å freda statlege eigedomar. Det skulle vera nok at fredingsverdige bygningar i statleg eige vart listeførte. Det har det ikkje vist seg å vera. Frå ca. 1980 er det vorte vanleg å freda statlege eigedomar, og det byrja med preste-gardane. Ved den siste revisjonen av kulturminnelova, i år 2000, vart det innført høve til administrativ freding av statleg eigedom – noko som særleg er nyttig i samband med den utstrekte eigedoms-avhendinga. Det er særleg Forsvaret som har vore føredømeleg, både når det gjeld vedlikehald, avhendingsprosedyrar og registrering, som har vore kvalitetssikra av Riksantikvaren. Utvalet slår til lyd for ein samla politikk for statleg eigarskap og eigedomsforvaltning, der m.a. verne vurderingar må leggjast stor vekt på ved spørsmål om avhending.

5.7 ”Kommunens økonomiske ansvar for kirker”

Kyrkjer og kyrkjegardar er vesentlege kjelder til norsk historie, kulturhistorie og bygningshistorie. Dei fleste tener sitt opphavlege føremål, og dei er mellom dei mest brukte kulturminna. Frå gamalt av er det kyrkjelyden sjølv som har ansvar for vedlikehaldet av kyrkja si, og dette er gått over på kommunane, som har sitt utspring i den kyrkjelege inndelinga. Berre i liten grad har det vore høve til å gje statlege tilskot. I dag er dette openbertt urimeleg. Some kyrkjer er nasjonalmonument, som Nidarosdomen. Bergen har fire mellomalderkyrkjer i aktiv bruk, og det krevst millionbeløp til heilt naudsynte sikrings- og vedlikehaldstiltak. Ein liten kommune som Osterøy har 5 gamle kyrkjer, som tidlegare høyrde til like mange prestegjeld/kommunar på begge sider av fjordane. Her må det setjast inn betydelege øyremerkte statlege midlar for å ”halda arven i hevd”. Den nye ordninga med freding og listeføring av særleg verneverdige kyrkjer understreker dette. Det er eit positivt signal at Stortinget har vedteke at midlar frå Opplysningsvesenets fond kan nyttast til føremålet.

Kap. 6 – ”Frivillig arbeid”

”omfatter innsats fra frivillige organisasjoner, ad hoc-grupper og enkeltmennesker”. Framveksten av det offentlege kulturminnevernarbeidet i Noreg er framfor alt knytta til ein einskild organisasjon: Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring (Fortidsminneforeningen), som vart grunnlagd alt i 1844. Gjennom vekslende praktisk vernearbeid og opinionsdanning har foreninga gradvis skapt grobunn for kulturminnevern som ei offentlig oppgåve. Kanskje har foreninga lukkast for godt her og er vorten ein del av det etablerte kulturminnevernet. I vårt organisasjonssamfunn er det meir enn nokon gang bruk for eit kritisk alternativ til den offisielle politikken, også i kulturminnevernet. Dette har vore eit sagn gjennom dei kontinuerlege omorganiseringsprosessane. Utgreiinga siterer kloke ord frå stortingsmeldingane om ”statens forhold til frivillige organisasjoner”: ”Det legges vekt på at den statlige politikken skal legge vekt på å styrke enkeltmedlemmers engasjement, og at den enkelte organisasjons egenart, særpreg og aktiviteter skal få utvikle seg på egne premisser.”

Etter kvart har det vakse fram eit nett av lokale organisasjonar: Sogelag, venneforeningar m.m., som i hovudsak kanaliserer det lokale engasjementet gjennom praktiske verneoppgåver, og fleire landsdekkjande "ad hoc-organisasjonar" er etablerte. Kapitlet gjev eit godt oversyn her.

Utvalet oppmodar til auka frivillig innsats, men seier ikkje noko konkret om korleis dette skal/kan gjerast i praksis. I tillegg er det vanskeleg å vita når utvalet omtalar frivillige organisasjonar, og når dei omtalar vanleg frivillig innsats. Utvalet legg opp til ei lettare rapporteringsordning for tildeling av driftstilskot og prosjektstønad, og meir fleksible krav. Dette er ei positiv endring.

Vidare heiter det i punkt 6.7 at *"Organisasjonene og den offentlige kulturminneforvaltninga må i felleskap legge større innsats i å finne frem til gode og hensiktsmessige arenaer, arbeidsformer og samarbeidsprosjekter."* Utvalet kjem ikkje med noko konkret forslag til korleis dette kan gjerast.

Det største frivillige arbeidet i dag er vel innafor kystkulturen. Den har no i mange år fått fagre løfter frå det offentlege, men oppfølging i form av pengar er det berre fartøyvernet som har fått. I NOU-utgreiinga er det lista opp over hundre forslag til tiltak i oppsummeringa, men ein kan ikkje sjå at kystkultur er med her.

Fartøyvern

Sidan 1960-talet har fartøyvernet fått ei markant stilling innafor det offentlege kulturminnevernet. Løyvingane til fartøyvernet har auka kraftig, med Riksantikvaren som koordinerande organ. Det er bygd tre nasjonale fartøyvernsentra. Likevel er det det friviljuge engasjementet som har vore drivkrafta innafor fartøyvernet, og sjølv om fartøyvernet no er den største enkeltposten på Riksantikvaren sitt budsjett, vil framleis det meste av arbeidet med fartøy verta gjort av friviljuge organisasjonar. For fartøy har det vore vanleg å "flytta" frå kommune til kommune. Innafor fartøyvernet har det difor vore ei utstrakt semje om behovet for ei sterk nasjonal og regional styring. Der er såleis utenkeleg å leggja ansvaret for fartøyvernet til kommunane.

Vi kan ikkje sjå at fartøyvernet har fått noka særskild omhandling i NOU-rapporten. På Vestlandet har fylka i SAVOS-regionen fått utarbeidd ein felles fartøyvernplan. Av dei fartøy som har fått vernestatus, er 33% innafor denne regionen. Heller ikkje dette arbeidet vert omtala i NOU-rapporten.

Kap.7 "Musea i kulturminnearbeidet."

Musea har frå første stund spelt ei sentral rolle i kulturminnevernet. Når det gjeld bygningsvernet har musea og det offentlege bygningsvernet i stigande grad utvikla seg i ulike retningar, etterkvart som det har vorte lagt større vekt på bevaring "in situ" og i autentiske miljosamanhengar. Det vil vera viktig for begge partar at ein finn saman igjen og etablerer eit samla ressurspotensial på området. Med utgangspunkt i fleire fylkesdelplanar og statleg museumspolitik er det i Hordaland etablert ei prøveordning med ei stilling på kvart distrikts-museum – fortrinnsvis ein arkitekt. Stillinga er øymerkt for bygningsvernet og tilbyr antikvarisk rådgjevingsteneste til eigarar av verneverdige bygningar i distriktet utanom museet. Det er snakk om å nytta lokal kompetanse i regionen, nærare brukarane, samstundes som musea fungerer som eit nettverk for bygningsvernet i samarbeid med kulturseksjonen. Hordaland fylkeskommune ivaretek den formelle sakshandsaminga, og vi trur at ein og i framtida skal vera varsam med å blanda rollene her.

I Hordaland har det vore vanskeleg og tungvint for grunneigarar å få sjå funn frå garden sin, og det har ofte vore vanskeleg, dyrt og tungvint å få tak i bilete av funn, eller få til utlån av funn til formidlingsføremål. Det bør vera ein rett for grunneigarar å sjå funn som er gjort på eigedomen. Så vidt vi kan sjå har ikkje NOU'en teke standpunkt til dette.

Kap. 8. "Juridiske virkemidler"

Fleire prosessar er i gang her – m.a. for å integrera kulturminneinteressene sterkare i plan- og bygningslova, og det vert vurdert ei felles miljølov. Konklusjonen kan bli oppheving av **kulturminnelova**. Utvalet åtvarar mot dette og meiner kulturminnevernet vil stå mykje svakare utan ei eiga særlov. Fylkesrådmannen sluttar seg til dette og meiner at ikkje minst det regionale kulturminnevernet vil verta svekka ved ei slik endring. I mandatet er utvalet bede om å vurdere

endringar i lova. Lova har vore mykje endra og flikka på sidan vi fekk ei sams kulturminnelov i 1978 – sist i år 2000. Dette har ikkje gjort henne enklare, og mykje er uklårt og vagt formulert. Samtidig er her komne mange forbetringar, som kanskje kan stå i fåre for å falla ut att om ein skal starta på nytt med "blanke ark". Eg rår heller til at eit eige utval får i oppdrag å vurdere dette på grunnlag av ei grundig gjennomgang av heile lova.

Samtidig er det eit klårt behov for å styrka kulturminneaspektet i **plan- og bygningslova**. Dette vil truleg vera den beste måten å aktivisera kommunane på i kulturminnevernet. Eit verkemiddel som regulering til spesialområde bevaring etter § 25.6 er t.d. lite brukt. Her må det setjast strengare krav til bruk av føresegner. Dersom det og vert gjort mogeleg å regulera vern av interiør etter denne paragrafen, vil dette verkemiddelet i større grad kunna erstatta freding.

Fagleg er det derimot sterke reservasjonar mot å utvida adgang til å dispensera frå alle typar freding ved vedtak av arealplan. Dette er situasjonen i dag med omsyn til automatisk freda kulturminne. Men dette fagfeltet vert ivareteke gjennom etablerte prosedyrar og søknad om dispensasjon dersom det ikkje er mogleg å finna kompromiss med utbyggjar og kommune. Det er mange gode grunnar til at det regionale nivået bør handtera dispensasjonssøknadar, og eg reknar med at dette spørsmålet kjem på dagsorden etter evaluering av ordninga med dagens sentrale handtering av Riksantikvaren.

Når det gjeld vedtaksfreding omfattar denne gruppa kulturminne oftast bygningar og der ligg det alt ei spesifikk vurdering med grundig utgreiing, offentleg høyring og vedtak bak saka. Det bør vera opp til fagstyresmaktene å dispensera frå fredingsvedtak.

Det er elles viktig at ressurs- og bærekraftsperspektivet knytta til kulturminne vert sterkare framheva i plan- og bygningslova.

Kap. 9. "Styrking av de økonomiske virkemidlene"

Dette er delvis omtala under kap. 5.

Her vert peika på gapet mellom behov og tilgjengelege midlar i kulturminnevernet, som korkje står i forhold til dei kulturelle verdiane eller til den realøkonomiske verdien av den eldre bygningsmassen.

Det er grunn til å følgja utviklinga særleg nøye når det gjeld store samfunnsendringar i vår eigen region. Dette gjeld t.d. kystkommunane og industristadene, på grunn av omstillingar i industrien. Like eins bør ein ha omtanke for fråflyttingsområde der heile området "går ut av bruk". Desse prosessane skapar mange kulturminne som ikkje lenger står i sin naturlege samanheng og bruk. Talet er høgt, og her ligg erkjenninga at ein ikkje kan ta vare på alt og at behovet for prioritering må understrekast. I mange tilfelle må ein sikra kunnskap gjennom dokumentasjon utan fysisk vern.

Slike avgjerder må vera tufta på administrativ vurdering og politiske prioriteringar. Mange kulturminne og avgrensa økonomiske ressursar gjer at ein må vera budd på meir av dette i tida frametter. Det vil bli naudsynt å videreutvikla metodar for prioritering og utveljing. Desse kan vera basert på dei utvalskriteria ein nyttar i dag, men må og vera tufta på regionale vurderingar. Her ligg det store oppgåver både når det gjeld metodeutvikling og planleggjing.

Behovet for auka ressursar til forvaltninga vert og understreka . Særleg vert bemanningssituasjonen i det regionale kulturminnevernet framheva – noko ein frå ein fylkeskommunal ståstad berre kan slutta seg til. Då kulturminnevernet vart delegert til fylkeskommunane i 1990 vart det overført kr. 600.000 til samtlige fylkeskommunar til å dekkja inn to stillingar. Staten har ikkje fulgt opp føresetnadar om auka ressursar og auken skuldast eigne fylkeskommunale prioriteringar. Intensjonane i utgreiinga om auka samarbeid med eigarar og frivillige set store krav til forvaltninga og let seg knapt gjera utan auka ressursar.

Ein aktiv bruk av skatte- og avgiftspolitikken for freda og verneverdige eigedomar vert sett opp mot den tradisjonelle statleg fiskale motviljen mot "særordningar". Her fortener utvalet all mogeleg støtte.

Kap. 10 "Organisering av den offentlige kulturminneforvaltninga"

Hovudpunktet her er den lenge omtala og mykje diskuterte, men lite konkretiserte "kommunesatsinga". Utvalet er under visse føresetnader positive til at kommunane "får overført ansvar og oppgåver på kulturminnefeltet". Dei oppfordrar til ein meir aktiv bruk av plan- og bygningslova, men seier ikkje noko direkte om kulturminnelova. Dette synest likevel å liggia under når det heiter at *"De kommuner som allerede har kompetanse og som ønsker å få oppgaver overført, bør få anledning til det. Tilsvarende har rundt 100 kommuner hittil fått overført oppgaver knyttet til forvaltning av områder vernet etter naturvernloven"*. I små kommunale einingar vil personlege relasjonar og økonomiske omsyn ofte påverka avgjerder til ugunst for verneinteressene. Det er dessutan lite realistisk å tru at dei mange små kommunane skal kunna byggja opp eit apparat med kompetanse og kapasitet til å handtera kulturminnelova. Mange kommunar har og gjeve uttrykk for stor skepsis til å forvalta kulturminnelova, jamfør konferansar i Bergen hausten 2001. Det er berre 12 år sidan delar av ansvaret etter kulturminnelova vart delegert til fylkeskommunane. Trass i små ressursar og underbemanning har vel dette gått såpass bra at det delegerte kulturminnevernet i fylkeskommunane omsider burde få ein sjanse til å verka etter føresetnadene.

Konklusjon: Kulturminnelova bør forvaltast nasjonalt og regionalt; ei oppdatert plan- og bygningslov må brukast aktivt lokalt.

Kap. 11 "Kunnskap, forskning og kunnskapsspredning"

Kapitlet er ein katalog over naudsynte og gode tiltak i forskning, formidling og undervisning.

På fylkesplanet merker ein seg særleg to tiltak: *"Konserveringstjenester regionalt og i de samiske museumsregionene, rettet både mot private og offentlige aktører, bygges ut i løpet av kort tid. Tilsvarende ordning etableres for håndverk."* og *"Den offentlige kulturminneforvaltningen, både sentralt og regionalt, tilføres midler for å kunne kjøpe forsknings- og utredningsoppdrag ved ulike institusjoner"*.

Kap.12 "Registre og miljøovervåking"

I dag går delar av kulturarven tapt i endringsprosessar utan systematisk gjennomgang og sikring av eit representativt utval av kulturminne og -miljø. Vi har dessutan ingen krav til dokumentasjon av det som vert fjerna, bygd om eller rive. I høve til det overordna målet om å sikra eit representativt utval av minne gjer mangelen på eit samla oversyn ofte at utvalet vert basert på skjønsmessige vurderingar og ikkje fakta. (jfr. fylkesdelplan for kulturminne)

Eit samla nasjonalt oversyn over kulturminne og kulturmiljø vil gje eit godt grunnlag for utveljing og prioritering av verneobjekt. Dei registra ein har i dag må utviklast og kvalitetssikrast. Det må lagast eit system som omhandlar alle typar kulturminne og kulturmiljø og med tilgjenge for eit stort tal brukarar. Eit slikt register må vera brukarvenleg og gjera mogeleg samanliknande studiar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Kartfesting av kulturminne er grunnleggjande for alt arbeidet som NOU'en legg opp til – kommunesatsing, formidling, satsing på barn og unge, grunneigarrettar, frivillig arbeid, musea osv. Utan eit oppdatert og moderne register som er enkelt å ajourføra og er tilgjengeleg for alle (i det minste nøkkelopplysningar) vil det vera vanskeleg å nå måla lagt fram i NOU. Det er og viktig at berre ein instans, helst på regionalt nivå, får oppgåva med kvalitetssikring og ajourføring av databasane. Desse databasane og kartfestingane er blant anna viktige juridiske dokument som vert brukt i rettsaker og inneheld hefte og innskrenkningar i høve til grunneigaren. Det er difor viktig at det er ein instans på regionalt nivå som har særleg ansvar med ajourføring og kvalitetssikring. Det ville vera svært vanskeleg å få til eit einskapleg register dersom kommunane skulle overta ajourføring av eit slikt.

Kap. 13 "Internasjonalt samarbeid på kulturminnefeltet generelt og utviklingssamarbeid spesielt"

Kulturminna er i seg sjølv vitnemål om ein stadig vekselverknad mellom "det nasjonale" og internasjonale impulsar. Få samfunnsområde skulle difor eigna seg betre for internasjonalt samarbeid. Det er og i stor utstrekning globaliseringa og globale miljøproblem som trugar dei fysiske kulturminna. Det trengst forskning på høgt internasjonalt nivå for å møta nedbryting og forfall.

UNESCO og verdensarvkonvensjonen vert spesielt framheva. For Hordaland er det ei særleg forplikting å ha eit kulturminne – Bryggen i Bergen – på verdsarvlista.

Under kulturminneretta utviklingssamarbeid er fagsenter-avtalen mellom NORAD og Riksantikvaren trekt fram. Det er likevel eit spørsmål om ikkje Noreg sjølv er eit utviklingsland på området – og har minst like mykje å henta som å gje i internasjonalt samarbeid.

Kap. 14 ”Økonomiske og administrative konsekvenser”

I mandatet for utvalet heiter det: *”Minst ett av eventuelle forslag skal basere seg på lavere eller uendret ressursbruk.”* Utvalet vil ikkje gå inn på dette, fordi *”...feltet har stort behov for å få tilført friske midler. Mindre eller uendrede ressurser vil føre til at viktige deler av den fysiske kulturarven forfaller eller blir ødelagt.”* Dei peikar og på at mange av framlegga vil gje effektiviseringsvinstar, som vil vera kostnadssparande på sikt. Det vert og vist til at utrekningar gjorde av Riksantikvaren syner at behovet for ei sterk auke i løyvingane gjeld for eit avgrensa tidsrom. Innsatsen vil så kunna leggjast på eit nivå *”som, i hovedsak bare innebærer løpende vedlikehold og skjøtsel”*. Dersom slik opptrapping ikkje skjer no, vil på den andre sida behovet auka for kvart år. Ei prøve på denne politikken i praksis gjennomfører Riksantikvaren no med prosjekt Bryggen. Utvalet peikar vidare på at ein konsekvens av uendra eller redusert ressurstilgang *”vil kunne være at en rekke kulturminner som har betydning både nasjonalt og internasjonalt, må avfredes”*.

Utvalsfleirtalet tilrår at direkte statleg tilskot og skatte- og avgiftssystemet skal vera hovudelementa i statens økonomiske innsats på kulturminnefeltet. Dei foreslår oppretta eit kulturminnefond med statlege midlar. Dette er alt gjennomført. Men det verkar inkonsekvent når det i same avsnitt av utgreiinga heiter: *”Fondet skal være som et supplement til statlige tilskudd og ikke en erstatning for det ansvaret staten har for de fredete kulturminnene og kulturmiljøene”* og *”Utvalgets flertall foreslår at alle anbefalingene som har direkte økonomiske konsekvenser, enten blir dekket gjennom å øke de statlige tilskuddsordningene via et kulturminnefond, eller ved hjelp av fradrag eller fritak gjennom skatte- og avgiftssystemet”*.

Kap. 16 ”Særmerknad frå utvalgsmedlemmene Elin Schanche og Christian Sulheim”

Særmerknaden er gitt av mindretalet i utvalet, dei to eigarrepresentantane, som ikkje finn å kunna gå inn for utvalet sine tilrådingar. Dei meiner utvalet ikkje har oppfylt føresetnadene i mandatet, m.a. med omsyn til å klarleggja den reelle tilstanden til kulturminna. Dei meiner og at fleirtalet ikkje har vist vilje til å gjera ei realistisk prioritering, men berre vil prioritera alt høgare. Dei meiner at fleirtalet byggjer på eit statisk konserveringssyn i utakt med eit dynamisk samfunn. Mindretalet synest på si side å vera prega av eit marknadsorientert syn på vernepolitikken. Dei vil vidare erstatta stønadsordningar med rett til erstatning.

Mindretalet peikar på at det etter at utvalet var nedsett er iverksett fleire tiltak på område som utvalet skulle greia ut. *”Resultatet av denne fremgangsmåten er at sentrale spørsmål ikke har blitt gjenstand for en nærmere vurdering. Det siktes her bl.a. til det varslede tiltaket om å delegere myndighet til kommunenivå”*. Dei ser dette tiltaket som beklageleg av fleire grunnar og peikar på fåren for auka byråkratisering og auka ressursbruk i forvaltninga, med i realiteten fem forvaltningsnivå

Konklusjon:

Fylkesrådmannen ser positivt på at St.m. 58 om ein berekraftig miljøvernpolitikk er ført vidare gjennom ei offentleg utgreiing for å styrkja kulturminnevernet. Utgreiinga inneheld mange gode synspunkt og mål for arbeidet og skal følgjast opp med ei stortingsmelding.

Hordaland fylkeskommune har teke ansvaret for kulturminnevern på alvor ved at saksfeltet er sett inn i ein politisk samanheng gjennom Fylkesdelplan for kulturminner ”Kultur viser veg”, 1999. I prosessen med dette planarbeidet var det eit utstrakt samarbeid med både universitet og frivillige organisasjonar. Strategiane som er lista opp i planen gjeld *betre vern, betre forvaltning og betre formidling*. Strategiane er fulgt opp av konkrete tiltak for å heva kulturminnevernet i fylket vårt til eit betre nivå

med meir samarbeid på tvers av forvaltningsnivåa. Det er samstundes svært viktig å setja kommunane sjølve i stand til å ta eit større ansvar for kulturminnevernet ved m.a tilgjengelege data og gjennom rådgjeving og informasjon. På mange vis er intensjonane dei same som i NOU 2002:1.

Kulturminneplanen har utan tvil vore til inspirasjon for fleire av kommunane i Hordaland som har fått utarbeidd egne kommunedelplanar for kulturminne. Dersom kulturminne skal utgjera premissar for utviklinga, må saksfeltet vera på dagsorden som ein integrert del av offentleg planlegging og politisk merksemd.

Tiltaksdelen til Hordaland fylkeskommune sin kulturminneplan vert fulgt opp frå år til år med egne budsjett. Den vidare oppfølginga her er svært viktig - og kan på mange vis sjåast i samanheng med mål og visjonar i kulturminneutgreiinga.